

## Saksprotokoll i fylkestinget - 11. og 12.12.2018

**Emil Gadolin (A)** sette på vegner av A, SP, KrF og SV fram slikt forslag:

«Alternativ:

Fylkestinget tar Kvalitetsmelding vidaregående opplæring 2017/18 til orientering med følgjande tillegg:

- Fylkestinget er svært fornøygd med den positive utviklinga for gjennomføringa i den vidaregående skolen i Hordaland. Dette er eit viktig mål - både for den enkelte elev og for samfunnet.
- Arbeidet med å få fleire elevar ut i lære er ei prioritert oppgave for fylkeskommunen. Fylkestinget ønsker ei særlig oppfølging av dei tilbuda som har lav overgang fra vg2 til lære og der kor andelen som ikkje består fagprøve er stor. Her kan skolane lære av kvarandre gjennom å ta utgangspunkt i beste praksis.
- Alle elevar har rett på eit trygt, helsefremmaende og mobbefritt skolemiljø. Fylkestinget ber fylkesrådmannen rette eit særlig fokus mot dei tilbuda som der det vert rapportert om høge mobbetall i elevundersøkelsen 2017/2018.
- Yrkesrettingen av fellesfaga har voreit eit viktig tema over flere år. Dette for å sikre at elevane synes undervisningen er både relevant og interessant. Fylkestinget ber fylkesrådmannen ha ei satsing på yrkesretting av fellesfaga det kommande året.»

**Geir Kjell Andersland (V)** sette fram slikt forslag:

«Fylkestinget ber om at fylkesrådmannen sin oppfølging av tilrådingane frå elev-og lærlingeombudet og mobbeombudet vert framlagt som sak for fylkestinget.»

### Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Gadolin sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Andersland sitt forslag vart samrøystes vedteke

### Vedtak

Fylkestinget tek *Kvalitetsmelding vidaregående opplæring 2017/18* til orientering.

Utval for opplæring og helse er bekymra over den høge andelen av voksne som mobbar i Hordaland fylkeskommune sine skoler på enkelte fagområder. Vil peike på endringane i opplæringslova kap 9A som er at det er lovfesta krav om at skolen skal ha nulltoleranse mot mobbing, etc. Eleven har ein individuell rett til eit trygt og godt skolemiljø. Då er det viktig med tydelege voksne i skolen.

Ber fylkesrådmannen om ei orientering i komande utvalsmøte om kva tiltak som er satt i gang og korleis slike saker blir håndtert.»

Mange ungdomar frå Etne går på vidaregåande skule i Rogaland, framfor alt Ølen Vgs. Utval for opplæring og helse ynskjer å få framlagt notat om «kvalitetsmelding» for Ølen Vgs., evt. andre vidaregåande skular i Rogaland med mange elevar frå Hordaland.

Fylkestinget er svært fornøygd med den positive utviklinga for gjennomføringa i den vidaregående skolen i Hordaland. Dette er eit viktig mål - både for den enkelte elev og for samfunnet.

Arbeidet med å få fleire elevar ut i lære er ei prioritert oppgave for fylkeskommunen. Fylkestinget ønsker ei særlig oppfølging av dei tilbuda som har lav overgang fra vg2 til lære og der kor andelen som ikkje består fagprøve er stor. Her kan skolane lære av kvarandre gjennom å ta utgangspunkt i beste praksis.

Alle elevar har rett på eit trygt, helsefremmaende og mobbefritt skolemiljø. Fylkestinget ber fylkesrådmannen rette eit særlig fokus mot dei tilbuda som der det vert rapportert om høge mobbetall i elevundersøkelsen 2017/2018.

Yrkesrettingen av fellesfaga har vore eit viktig tema over flere år. Dette for å sikre at elevane synes undervisningen er både relevant og interessant. Fylkestinget ber fylkesrådmannen ha ei satsing på yrkesretting av fellesfaga det kommande året.

Fylkestinget ber om at fylkesrådmannen sin oppfølging av tilrådingane frå elev-og lærlingeombudet og mobbeombudet vert framlagt som sak for fylkestinget.